

# Referat grunneigarmøte Fosnstraumen

Tid: 10.02.2015. Stad: Austrheim kommunehus

Ordførar Per Ler Lerøy, kulturleiar Kari Utkilen og prosjektleiar Frode Hervik representerte Austrheim kommune. Ordførar Jon Askeland representerte Radøy kommune. Solveig Rognved representerte Hordaland fylkeskommune. Morten Kuchera deltok som arkeolog og flintsmed.

Det møtte opp 23 grunneigarar frå både Radøy kommune og Austrheim kommune.

- Ordførar Per Lerøy ynskte velkommen og informerte om bakgrunnen for møtet.
- Ordførar Jon Askeland informerte vidare om bakgrunnen for møtet.
- Frode Hervik presenterte BARK-søknaden og søknaden om verdiskapingsmidlar.
- Solveig Rognved orienterte om arbeidet med skjøtselsplan.
- Morten Kuchera presenterte planane om etablering av ein steinalderpark.

Hjå grunneigarane var det ei gjennomgåande positiv stemning til planane. Samstundes vart det peika på praktiske utfordringar knytt til landbruksdrift (må haldast atskilt frå steinalderaktivitetar), parkering og lokalisering av eit eventuelt framtidig senterbygg. Radøy og Austrheim kommunar vil følgje opp med meir informasjon etter kvart.